



# Sakspapir for Årsmøte

## Tekna Årdal avdeling

2024



# Innhald

<b>Sak 4: Årsmelding 2023 .....</b>	<b>3</b>
<b>Avdelinga.....</b>	<b>3</b>
<b>Styret, tillitsvalde og representasjon.....</b>	<b>3</b>
<b>Arrangement i 2023.....</b>	<b>3</b>
<b>Andre aktivitetar .....</b>	<b>4</b>
<b>Sak 5: Årsrekneskap 2023 .....</b>	<b>5</b>
<b>Sak 7: Samanslåing av Tekna Årdal avdeling og Tekna Sogn og Fjordane avdeling. ....</b>	<b>6</b>
Litt om Sogn og Fjordane avdeling .....	6
Høyringsinnspele.....	6
<b>Sak 8: Prioriterte oppgåver 2024.....</b>	<b>7</b>
<b>Kurs og aktivitetar .....</b>	<b>7</b>
<b>Samarbeid med Tekna Sogn og Fjordane avdeling.....</b>	<b>7</b>
<b>Styrearbeid.....</b>	<b>7</b>
<b>Sak 10: Budsjett 2024.....</b>	<b>8</b>
<b>Sak 13: Val av styre, revisor og valnemnd.....</b>	<b>9</b>
Avdelingsstyre .....	9

## **Sak 4: Årsmelding 2023**

### **Avdelinga**

Tekna Årdal avdeling består av Tekna sine medlemmar busett i Årdal kommune i Vestland fylke. Avdelinga har eit ansvar for at foreiningas aktivitetar er oppretthalde og utvikla lokalt.

31.12.2023 hadde avdelinga 87 medlemmar totalt, mot 93 året føyr. Det har dermed vore ein nedgang i medlemstalet frå 2022 til 2023.

Omtrent 25 % av avdelingas medlemmar er kvinner.

### **Styret, tillitsvalde og representasjon**

Styret i Tekna Årdal avdeling har i 2023 bestått av leiar Sindre Engzelius Gylver, nestleiar Andrea Tuveri og kasserar Peder Langsholt Holmqvist. Ane Johnsgaard og Anika Rabak vert valt inn som styremedlemmar.

Det har blitt halde 5 styremøte i 2023, 4 fysisk og eit digitalt. I tillegg har det vore eit felles møte saman med Tekna Sogn og Fjordane for å styrke samarbeidet og diskutere ein eventuell samanslåing

Peder Holmqvist deltok på Tekna sitt R-møte i Juni. Sindre og Peder deltok på avdelingssamlinga som i februar, og Sindre deltok på avdelingsutvalsmøte i oktober.

Valnemnda har bestått av Frank Øvstetun, Martin Walderhaug og Maria Angeltveit.

Revisor har vore Trond Brandvik.

### **Arrangement i 2023**

Det har vore gjennomført 4 arrangement i Tekna-regi i 2023. Eit på våren, og tre på hausten.

Årsmøte ble arrangert 24.01.2023 med 15 påmeldte. Kurs i "Korleis nå ambisiøse mål" blei diverre avlyst grunna få påmeldte.

Orienteringskurs 17.08 hadde 3 deltakare

Fjordcruise blei også avlyst på grunn av for få påmeldte.

Fysisk samling kor vi følgde Ingvild Tennfjords "Peiling til vin til kos" hadde 17 påmeldte.

Kurset "Effektivitet og tidsstyring" vert arrangert 18.10 med 11 påmeldte.

Medlemmar i vår avdeling har også blitt invitert på arrangement i Kaupanger i regi av Tekna Sogn og Fjordane.

Styret meiner at det har vore litt lave oppmøte dette året det saknast meir deltaking frå ein større del av medlemsmassen. Ein årsak kan vere mykje tenestereiser.

## **Andre aktivitetar**

Styret fekk mandat til å bestemme kva som skulle skje med projektoren. Denne vert gjeve vekk.

Styret har søkt og fått innvilga samfunnsmidlar til Teknologiveka 2024, noko som er gledeleg. Dette arrangementet skal inspirere elever til å velje realfag på vidaregåande, og vise arbeidsmoglegheitene man har i Årdal med ein slik kompetanse.

## Sak 5: Årsrekneskap 2023

### Årsregnskap Tekna Årdal 2023

	<b>Regnskap 01.01. -</b> <b>11.12.2023</b>	<b>Regnskap 2022</b>
<b>Inntekter</b>		
Avdelingskontigent	13,765.00 kr	16,329.00 kr
Egenandel kurs	4,100.00 kr	13,450.00 kr
Andre inntekter	60.00 kr	0.00 kr
Renter	0.00 kr	0.00 kr
<b>Sum Inntekter</b>	<b>17,925.00 kr</b>	<b>29,779.00 kr</b>
<b>Kostnader</b>		
Møter	590.80 kr	416.56 kr
Vinkurs	9,384.88 kr	21,093.99 kr
Andre kurs	0.00 kr	16,152.00 kr
Fellesarrangementer	711.14 kr	261.53 kr
Bankkostnader	30.00 kr	160.00 kr
<b>Sum kostnader</b>	<b>10,716.82 kr</b>	<b>38,084.08 kr</b>
<b>Resultat</b>	<b>7,208.18 kr</b>	<b>-8,305.08 kr</b>
	<b>Saldo 11.12.2023</b>	<b>Saldo utg. 2022</b>
	96,301.74 kr	89,093.56 kr

## **Sak 7: Samanslåing av Tekna Årdal avdeling og Tekna Sogn og Fjordane avdeling.**

Tekna Årdal er ein av dei minste avdelingane og teller per dags dato 87 medlemmar. Til samanlikning er ein typisk avdeling i Tekna i dag på minst 200 medlemmer og er for det meste organisert over eit større område.

Det har tidvis vore krevjande å rekruttere styre og sikre kontinuitet. Styret har hyppige utskiftingar og dette medfører mangefull erfaringsoverføring, og mindre moglegheiter for å jobbe langsiktig. Dette er for eksempel på områder som å auke interessa for Tekna-fagene blant barn og unge, og medlemsvekst.

Typisk består styret av yngre medlemmer som er ferske i arbeidslivet, og gjenspeiler ikkje den typiske samansetninga av avdelingas medlemmer. Dette medfører at våre arrangement hovudsakeleg retter seg mot den målgruppa.

### **Litt om Sogn og Fjordane avdeling**

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har 660 medlemmer. De har medlemmer frå 24 kommunar i gamle Sogn og Fjordane fylke, og avdelingas styre består per i dag av 6 personar frå ulike kommunar. Styremøta vert derfor gjennomført digitalt, med unntak av julemøtet. Avdelingsstyret er innforstått med situasjonen i Tekna Årdal avdeling, og ønsker gjerne å få med et styremedlem frå Årdal, dersom en samanslåing blir aktuell.

Det er skissert opp ein intensjonsavtale, kor det skal opprettast ei undergruppe i Årdal som sørger for lokal aktivitet. Det er også avtalt å sette av midlar tilsvarende dagens kontingentinntekter som skal brukas i Årdal. I tillegg vil midlar som er på avdelingas konto bli avsett til aktivitetar lokalt. Det skal også søkast etter eit styremedlem frå Årdal i Tekna Sogn og Fjordanes avdelingsstyre.

Etter styrets syn bør det derfor være mogleg å oppretthalde dagens aktivitetsnivå med en slik modell. Tekna Sogn og Fjordane er opptatt av å ha aktivitetar over hele distriktet, blant annet i Førde, Gloppen og Sogndal/ Kaupanger. Styret ser derfor ikkje ein stor risiko for at en samanslåing medfører eit redusert aktivitetsnivå. Dette er dog avhengig av engasjement, både i form av personar som ønsker å arrangere, og deltaking på det som blir satt opp.

### **Høyringsinnspele**

Det vert sendt ut to brev til medlemmane. Fyrst eit 2. oktober, kor ein bad om innspele. Her kom det berre inn fem tilbakemeldingar, fire som var negative og et positivt. I videre oppfølgingsmail var det lagt ut ein uformell undersøking for å lodde stemninga. Her er det dverre er litt vanskeleg å konkludere, da det var mogleg å sende inn svar fleire gonger (sida det var anonymt), og det var tydelege indikasjoner på at dette ble gjort. Det er kanskje seks på nei, tre på ja og tre på vet ikkje.

## **Sak 8: Prioriterte oppgåver 2024**

### **Kurs og aktivitetar**

- Tekna Årdal avdeling skal framleis vere ein aktiv bidragsytar for å skape sosiale nettverk blant våre medlemmar i Årdal.
- Styret skal bruke dei digitale arrangementa (digitale quizer, "peiling på"-kursa og andre relevante arrangement) for å arrangere fysiske samlingar.
- Det skal vere eit øl/vin/ciderkurs i løpet av 2024.
- Så langt det lar seg gjere skal også ikkje-medlemmar bli invitert, men med (ein større) eigenandel, om relevant.
- Tekna Årdal skal vere ein aktiv bidragsytar i Teknologiveka 2024.

### **Samarbeid med Tekna Sogn og Fjordane avdeling**

- Aktivitet i 2024 skal koordinerast med Tekna Sogn og Fjordane (SF) avdeling, for å unngå krasj på datoar og tematikk og dermed sikre et så godt tilbod som mogleg for alle medlemmer i distriktet.
- Tekna Årdal inviterar Tekna SF på sine arrangement, og dei inviterer Årdal på arrangement i Sogndal/Kaupanger.

### **Styrearbeid**

- Teams for tillitsvalte er utvikla som et verktøy som avdelingane. Styret skal i større grad bruke dette verktøyet for dokumentlagring og kommunikasjon.

## Sak 10: Budsjett 2024

Inntekter	Budsjett 2024
Avdelingskontingent	17,000.00 kr
Egenandel kurs	16,800.00 kr
Tilskudd	0
Renter	0
<b>Sum Inntekter</b>	<b>33,800.00 kr</b>
Kostnader	
Sosiale og faglige arrangementer	42,000.00 kr
Fellesarrangementer	295.00 kr
Bankkostnader	105.00 kr
Andre kostnader	1,050.00 kr
<b>Sum kostnader</b>	<b>42,400.00 kr</b>
<b>Resultat</b>	<b>-8,600.00 kr</b>

## **Sak 13: Val av styre, revisor og valnemnd**

### **Avdelingsstyre**

Leiar: Sindre Engzelius Gylver

Nestleiar: Ane Johnsgaard

Kasserar (ikke på valg): Peder Langsholt Holmqvist

Styremedlem: Mette Eline Hofossæter

Styremedlem: Bjarte Kapstad